

## MØTEREFERAT FRA STYREMØTE I REGIONRÅDET VEST

MØTE 29. JANUAR 2010, KL 0900 - 1130

SUND RÅDHUS.

### TIL STADES:

Ordfører Albriggt Sangolt  
Ordfører Knut Hanselmann  
Ordfører Olav Martin Vik  
Ordfører Lars Lie  
Rådmann Gerhard Inge Storebø  
Rådmann Steinar Nesse  
Rådmann Odd Magne utkilen  
Rådmann Torgeir Sæter  
Rådgjevar Per Hillestad - sekretær

### ANDRE MØTANDE:

Styreleiar Jannicke Hansen Askøy Næringslivsforening  
Styremedlem Tone Haugland Askøy Næringslivsforening  
Nærings sjef Bård Sandal Askøy kommune

Ordfører Albriggt Sangolt leia møtet.

### SAK 1 INNKALLING/SAKSLISTE

Vedtak: Innkalling/saksliste godkjend.

### SAK 2 PRESENTASJON ASKØY NÆRINGSLIVSFORENING

Jannicke Hansen, leiar i Askøy Næringslivsforening og Tone Haugland, styremedlem i Askøy Næringslivsforening presenterte Askøy Næringslivsforening, med hovedvekt på

- Arbeidsdeling
- Ressursar
- Medlemsmasse
- Hovedfokusområder for foreninga
- Samarbeid med Askøy kommune
- Samarbeid med andre
- Medlemsarrangement.

### SAK 3 KONSTITUERING STYRET I REGIONRÅD VEST

Ordfører Olav Martin Vik vart vald som leiar

Ordfører Knut Hanselmann vart vald som nestleiar

#### SAK 4 RETNINGSGJEVANDE ARBEID REGIONRÅD VEST

Styret i Regionrådet peika på :

- OVERORDNA REGIONAL UTVIKLING i ein stor og spesiell region med vekt på:
- INFRASTRUKTUR
- SAMORDNA NÆRINGSFUNKSJON
- SAMARBEID OM KOMMUNALE TENESTER og med:
- ENKEL ORGANISASJON

Døme på gode resultat:

Samhandlingsreforma, Sotrasambandet, Tverrsambandet, Lerøy – Bjelkarøy, Gode Sirklar, etc.

Vedtak: Styret i Regionrådet ser fram til godt utviklingsarbeid og imøteser konkrete framlegg til samarbeid.

#### SAK 4 MØTEPLAN

Vedtak: Styret ber om justert framlegg til møteplan for heile året.

#### SAK 5 FELLES BYGGESAKSAVDELING - STYRINGSSIGNAL

Vedtak: Rådmennene får fullmakt til å arbeida vidare med saka.

#### SAK 6 TOMTESELSKAP – FELLES KONSTRUKSJON - STYRINGSSIGNAL.

Vedtak: Det vert å laga sak for styret om tomteselskap - felles konstruksjon.

#### SAK 7 MÅLFØRE

Vedtak: Regionrådet Vest nyttar nynorsk som sitt offisielle mål.

## SAK 8 BARNEVERN - PROSJEKT

Vedtak: Styret i Regionrådet Vest set i gong eit barnevernsprosjekt i regionen der ein tek sikte på samarbeid mellom dei fire kommunane. Rådmennene oppnemner deltakarar og set arbeidet i gong. Det vert søkt Fylkesmannen om økonomiske midlar til prosjektet og det er høve til innleige av konsulentteneste

## SAK 10 STATUS/INFO OM AKTUELLE SAKER

### SAMHANDLINGSREFORMA

Dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden er invitert til å underskriva mellombels avtale med Helse Bergen omkring Intermediær avdeling på Straume inntil Askøy vert med i ordninga.

Askøy kommune tek sikte på politisk handsaming av saka ultimo februar.

### EVALUERING GODE SIRKLAR

Minner om møte 18. februar 2010 – evaluering.

### SAMBANDET VEST

Oppstart av arbeid i det nyoppretta selskapet sitt regi er nær føreståande. Kommunane Øygarden, Fjell og Sund har oppnemnd Merethe Refvik og Anita Heggholmen som sine styrerepresentanter.

### BERGENSALLIANSEN

Avventar nærare om møte i arbeidsgruppa som arbeider med etablering av Bergensalliansen

### SOTRASAMBANDET

Avventar utgreiingar staten har bede om.

Fjell kommune har gjort vedtak om utarbeiding av kommunedelplanar. Ynskjer å regulere/prosjekttere fylkesvei og ynskjer invitere Øygarden og Sund til spleiselag for å koma vidare.

### NY HAVN

Justert mandat fra Fylkesutvalet: 2 alternativ til noverande havn vert å utgreia vidare.

### REGIONALE KLIMAPLANAR FYLKESKOMMUNALT ENGASJEMENT

Regionrådet peika på viktig fokus i tida som kjem.

Per E. Hillestad (sign)